

PROSJEKTPLAN

Delprosjekt Rekruttering til

Pendling – Stressless - Bulyst

v/ bygdeutviklingslaget Nye Bremanger



Visjon:

Vise utflytte at ytre Bremanger er ein fantastisk plass å bu og med stor trivsel for liten og stor. Men her kan ein også få spennande arbeid utanfor bygda, fordi vårt tilrettelagte bumiljø for born og vaksne gjev ein "stressless" kvardag for familien også ved pendling.



1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

Vi har eit svært godt kultur og idrettsliv i ytre Bremanger. Men bygda har for få arbeidsplassar og derfor låg tilflytting. Men dei som har flytta tilbake til bygda gjev tilbakemelding om at nettverk og den sosiale trivselen i kulturdeltaking betyr mykje. Arrangement som "Cirkus Bremanger" er eit vellukka eksempel på omdømebygging, samhold og trivsel. Spesielt kjekt er det å vise til arrangementet så lenge det vart løyst 1200 billetter til arrangementet – i ein kommune med mindre enn 4000 innbyggjarar.

Mange pendlar i dag til Florø og Svelgen. Men bu miljøet er ikkje spesielt tilrettelagt for pendlarane. Dermed vert familiar med små born fanga av stress/tidsklemma mellom jobb/reisetid/oppfølging av born - trening, kulturtimar/matlaging og vaksenliv.

For utflytt ungdom og småbarnsforeldre er det ikkje attraktivt å vende heim til eit pendlarliv som ikkje er tilrettelagt for eit positivt bu miljø.

1.1.1 Moglegheiter

Fjordbasen ved Florø er i sterk vekst. Reisetida kvar veg er på 45 minutt. Derfor ser vi på tilrettelagt pendling for bu miljøet som ein god moglegheit til å skaffe arbeid for ungdom som ønskjer å busette seg i heimbygda. Men då må ein satse på ei god tilrettelegging av bu miljøet til glede for *liten og stor*.

Ved tilrettelagt pendling for småborns foreldre slik at dei ikkje kjem i tidsklemma, vil jobbmoglegheiter utanfor kommunen vere interessant og dermed ein måte å kome tilbake til heimbygda. Auka behov for arbeidsplassar i pleie og omsorg gjer til at det i framtid vert lettare å skaffe jobb til begge foreldra.

I tillegg gjer internett det mogleg for nokre yrke å ha heimekontor nokre dagar i veka.

Vi har også lange tradisjonar i utvikling og gjennomføring av kulturarrangement. Store kulturarrangement vert halde anna kvar år. Mellomåret går med til planlegging og øving i eit sosialt triveleg miljø. Her inkluderer vi alle som ønskjer å delta.



1.1.2 utfordringar


Vi i ytre Bremanger må marknadsføre oss langt betre. Vi må synleggjere våre inkluderande kulturarrangement til ungdom som ønskjer å flytte til ytre Bremanger. For vi veit at vi er dyktige, inkluderande og positive. Dette er kvalitetar som vi ønskjer å formidle til småborns foreldre som tenkjer å etablere seg i ytre Bremanger.

1.2 Målsetting

Rekruttere minimum 15 unge familiar tilbake til bygda. Vere god på tilrettelagt bu-miljø som hjelper foreldre med små born til å unngå tidsklemma slik at liten og stor får dyrke det positive og trivelege i familielivet.

Bruken av kulturarrangement vert eit viktig verktøy til å skape inkluderande miljø for fastbuande og tilflyttarar. Kultur skal nyttast i vår omdømmebygging og som arena for rekruttering til vår unike modell for bu miljø.

Samhandling





1.3 Rammer

Delprosjekt Kulturarrangement i marknadsføring skal gjennomføres i

3 års perioden: 01.08 2012 – 31.12 2014

Kostnadsramma for prosjektet totalt er: kr 450 000,-

2 OMFANG

2.1 Oppgåveomfang / avgrensingar

Følgjande hovudaktivitetar skal gjennomføres i hovudprosjektet:

HA-01 Prosjektadministrasjon

HA-02 Utarbeide strategiar for rekrutteringsarbeidet

HA-03 Skaffe oversikt over utflytte frå bygda dei siste 20 åra

HA-04 Delta på rekrutteringsmesser

HA-05 Bruk av sosiale media i arbeidet med informasjon og oppfølging

HA-06 Heim til kulturarrangement som rekrutteringsarena

HA-07 Mentorordning for foreldre og borna



3 PROSJEKTORGANISERING

3.1 Ansvarsområde

Status i prosjekt	Selskap / person	
Oppdragsgjevar	Bygdeutviklingslaget Nye Bremanger	
Prosjektansvarleg	100% stilling – komb. idrettslag / kulturarrangement	
Prosjektleiar	Tom Hem,	styrerep. bygdeutviklingslaget
Styringsgruppe	Svein Inge Fosse, Anita S. Nygård, Steinar Talle,	Knutholmen restaurant og pub AS styrerep. bygdeutviklingslaget adm. dir. Elkem Bremanger AS
Andre ressursar	lokale arbeidsgrupper vert oppretta etter behov.	

4 BESLUTNINGSPUNKT OG OPPFØLGING

4.1 Hovudinndeling av prosjektet

Alle hovudaktivitetar vert gjennomført som eigne tiltak i regi av DPL for delprosjektet.

4.2 Krav til statusmøte og beslutningspunkt

Det er stilt krav om 4 statusmøte pr år for delprosjektet. Delprosjektet vert følgt opp med fastsette beslutningspunkt møte, samordna med møtefastsettinga for hovudprosjektet. Det er definert 2 milepælar i første året av prosjektet.

4.3 Beslutningspunkt møter (BPM)

Beslutningspunkt møta vert fastsett ved oppstarten av delprosjektet.



5 RISIKOANALYSE

5.1 Kritiske suksessfaktorar

Følgjande faktorar vert vurdert som kritisk med omsyn til ei vellukka gjennomføring av delprosjektet:

- At samhandlingsmodellen vert så vellukka som planlagt
- At nøkkelpersonale i prosjektet er motivert for deltakinga
- At rekrutteringstiltaka treff rett målgruppe

5.2 Kvalitetssikring

5.2.1 Organisering av kvalitetssikring

Prosjektet skal organiserast etter PLP metoden og vil følgje PLP sine rutinar for kvalitetssikring.

5.2.2 Kvalitetssikring av den kritiske suksessfaktoren

Deltakarane i delprosjektet er godt motivert for arbeidet. Dei fleste har vore aktive i forprosjektet ved opprettinga av bygdeutviklingslaget "Nye Bremanger". Fleire av deltakarane pendlar i dag og vil derfor oppnå ein VINN situasjon ved gjennomføring av prosjektet, med positivt resultat. Både kommunen og frivillige er opptatt av å lukkast i utviklinga av samhandlingsmodellen. Tiltaket er derfor vurdert som høvesvis middels risiko.

Delprosjektleiaren er sjølv innflyttar og ser derfor utfordringane ved rekruttering med eit anna blick enn oss som er vaksen opp her og har busett oss her. Bruk av film og sosiale media vert viktige effektar og kanalar for vårt rekrutteringsarbeidet. Vi ønskjer også å få knyte oss til rekrutteringsarbeidet til Framtidsfylket, med messer i Oslo, Bergen og Trondheim. Risikoen for å ikkje treffe målgruppa med rekrutteringstiltaka er derfor vurdert som liten.



6 GJENNOMFØRING

6.1 Hovudaktivitetar

HA-01: Planlegging, organisering, styring og oppfølging av prosjektet

Oppgåver	Ansvar
Koordinere og gjennomføre oppgåvene i delprosjektplanen	DPL
Synte for at framdriftsplanen vert halden	DPL
Informere PA og styringsgruppe, referent	DPL
Halde kostnadskontroll	DPL
Ha løpande kontakt med DPL for kulturarrangement i marknadsføring	DPL

HA-02: Utarbeide strategiar for rekrutteringsarbeidet

Oppgåver	Ansvar
Utarbeide rekrutteringsstrategi overfor def. målgruppe	DPL
Utarbeide tiltaksplan inklusiv framdriftsplan	DPL
Opplegg for bruk av sosiale media og filmsnuttar	DPL
Framlegging for styringsgruppe – hovudprosjekt for godkjenning	PL

HA-03: Delta på rekrutteringsmesser

Oppgåver	Ansvar
Rekrutteringsmesser i Oslo, Bergen og Trondheim	DPL
Synte Filmsnuttar om livet som heimflytt til Bremanger,	DPL
Bruk av sosiale media for å nå målgruppa med vårt unike tilbod	DPL

HA-04: Bruk av sosiale media i arbeidet med informasjon og oppfølging

Oppgåver	Ansvar
Tilrettelegge sosiale media for vårt arbeid med rekruttering	DPL
Organisere svar og informasjonsteneste på sosiale media	DPL
Løpande kontakt og oppfølging av interesserte familiar	DPL

HA-05: Heim til kulturarrangement som rekrutteringsarena

Oppgåver	Ansvar
Invitere heim til kulturarrangement , jul, påske, sommarferie	DPL
Synte Filmsnuttar om livet som heimflytt til Bremanger,	DPL



HA-06: Mentorordning for foreldre og borna

Oppgåver

Ansvar

Organisere mentorkorps,	DPL
Hjelp til å skaffe arbeid for begge foreldre	DPL
Hjelp til å få borna inn i vårt tilrettelagde bumiljø	DPL
Syte for god inkludering i kulturarbeid og anna lagsarbeid	DPL

7 RESSURSBRUK OG FRAMDRIFTSPLAN

7.1 Framdriftsplan

År 2012

Aktivitet/månadsnr.	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12
HA-01 Planlegging og organisering												
HA-02 Utarbeide strategiar for rekruttering												
HA-03 Delta på rekrutteringsmesser												
HA-04 Bruk av sosiale media												
HA-05 Heim til kulturarrangement												
HA-06 Mentorordning for foreldre og born												
BPM Beslutningspunktmøte								X				X
SM Statusmøte								X				X
MP Milepælar								X				X



År 2013

	Aktivitet/månadsnr.	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12
HA-01	Planlegging og organisering												
HA-02	Utarbeide strategiar for rekruttering												
HA-03	Delta på rekrutteringsmesser												
HA-04	Bruk av sosiale media												
HA-05	Heim til kulturarrangement												
HA-06	Mentorordning for foreldre og born												
BPM	Beslutningspunktmøte			X			X			X			X
SM	Statusmøte			X			X			X			X
MP	Milepælar			X			X			X			X

År 2014

	Aktivitet/månadsnr.	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12
HA-01	Planlegging og organisering												
HA-02	Utarbeide strategiar for rekruttering												
HA-03	Delta på rekrutteringsmesser												
HA-04	Bruk av sosiale media												
HA-05	Heim til kulturarrangement												
HA-06	Mentorordning for foreldre og born												
BPM	Beslutningspunktmøte			X			X			X			X
SM	Statusmøte			X			X			X			X
MP	Milepælar			X			X			X			X



7.2 Ressursbruk

Aktivitet	år 2012	år 2013	år 2014
HA-01 Prosjektadministrasjon	15 000	75 000	75 000
HA-02 Utarbeide strategiar for rekruttering	15 000	0	0
HA-03 Delta på rekrutteringsmesser	0	25 000	25 000
HA-04 Bruk av sosiale media	10 000	30 000	30 000
HA-05 Heim til kulturarrangement	5 000	50 000	50 000
HA-06 Mentorordning	5 000	20 000	20 000
SUM Ressursbruk	50 000	200 000	200 000

7.3 Finansiering

Kjelde	år 2012	år 2013	år 2014
Eigen innsats a kr 200 pr time	5 000	50 000	50 000
Private midlar	0	0	0
Bremanger kommune	0	0	0
Sogn og Fjordane fylkeskommune	20 000	50 000	50 000
Innovasjon Noreg avd. Sogn og Fjordane	0	0	0
KRD bulyst	25 000	100 000	100 000
SUM Finansiert	50 000	200 000	200 000